




BARNE- OG UNGDOMSKONFERANSEN 2015

## Utanforskap, livsmeistring og deltaking

2. og 3. november 2015  
Bergen, Scandic Ørnen



Illustrasjonsfoto: Tine Poppe

### Målgruppe

Ungdom, frivillige organisasjonar, kommunepolitikarar og -tilsette, fylkesmenn og fylkeskommunar

### Praktisk informasjon

Overnatting 2. - 3. november

### Prisar

Heilpensjon i enkeltrom	pr pers.	NOK 2515,-
Heilpensjon i delt dobbeltrom	pr pers.	NOK 2095,-
Heilpensjon i trippelrom	pr pers.	NOK 1955,-

Deltakarane betaler direkte for opphald på hotellet.  
Konferansepakke inneheld overnatting frå 2. - 3. november, lunsj og konferansemiddag dag 1 og frukost og lunsj dag 2.

### Påmeldingsfrist

Oktober 2015

### Arrangør:

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir)  
i samarbeid med Radøy kommune



[www.bufdir.no](http://www.bufdir.no)



## BARNE- OG UNGDOMSKONFERANSEN 2015

### Ung og samfunnsengasjert?

Bli med på årets ungdomskonferanse om utanforskap, livsmeistring og deltaking - av unge, for unge! Gjennom innlegg i plenum og på parallellseminar får vi høyre om ungdom sin rett til å delta og å vere med å ta avgjersler, korleis ein vert høyrte og tatt på alvor – og om livsmeistring og overgangen frå ung til vaksen.

Vi håpar så mange som mogleg set av desse to dagane til årets viktigaste konferanse for ungdom i Noreg.

Vi håpar å sjå deg i Bergen!

Mari Trommald  
Direktør, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

## MANDAG 2. NOVEMBER

**09:30** **Registrering**  
med kaffi og noko å bite i

**10:00** **Konferanseopning**  
ved Solveig Horne, Barne-, likestillings- og inkluderingsminister

**10:30** **Om deltaking og livsmeistring**  
Mari Trommald, direktør Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

**10:45** **Presentasjon av barne- og ungdomsarbeidet i Radøy kommune, Årets barne- og ungdomskommune 2014**

Ordføreren i Radøy kommune og Ingvild Brattetaule frå ungdomsrådet

**11:15** **Pause**

**11:30** **Individets røyst**

Yahya Hassan er 19 år og dansk poet og politiker, som har vore aktiv deltakar i samfunnsdebatten med kontroversielle dikt og sterke meiningar.

**12:30** **Lunsj i restauranten på hotellet**

**13:30** **Stemmerett for 16-åringar**  
Korleis vert det opplevd å kunne stemme? Er det viktig? Korleis engasjere born og unge til medverknad og deltaking? Ungdommar frå nokre forsøkskommunar fortel om sitt syn på demokrati og deltaking.

Johannes Berg frå Institutt for samfunnsforskning

**14:15** Linnéa Myhre er 24 år og forfattar av romanane «Evig søndag» og «Kjære». Ho blir hylla for si openheit om det å ha psykiske lidningar og har mottatt tabuprisen frå Rådet for psykisk helse.

**15:00** **Pause og innsjekking på hotellet**

**15:30** til **17:30** Parallellseminar med pause

**18:00** Kulturvandringar i Bergen

**19:30** Middag på restauranten på hotellet

**22:00** Nattkino, sosial moro og quiz på hotellet

## TIRSDAG 3. NOVEMBER

**09:00** Foreldreskap eller vennskap?

Tore Renberg, forfattar og forelder

**09:30** Klare det!

Samuel Massie, 23 år og verdserostrar, forfattar og foredragshaldar. Massie segla med Berserk og har skrivne bok om å mestre og takle vanskar som ung.

**10:30** **Pause**

**10:45** Faglege og kunstnariske presentasjonar om born og unge sin rett til å delta og ta avgjersler.

Viggo Krüger og ungdommar frå Kom Nærmere jobbar med å styrke ungdomar sin livskvalitet og med å hjelpe ungdom til å oppleve meistring, felleskap og tilhørslse.

**11:30** Korleis er det å vekse opp og vere annleis?

Skeiv Ungdom

**12:00** **"Ei gruppe minoritetar"**  
Om korleis minoritetane kan forme majoriteten.

Fatima Almana, 20 år gammel norsk-iraker, frilansjournalist og ungdomspolitikar. Fatima driv bloggen Fatimas penn

**12:30** **Lunsj**

**11:30** Livet som ung har mange sider

Andreas Gravdal er forfattar, illustratør og foredragshaldar som ynskjer å hjelpe ungdom med å seinka skuldrene og løfta blikket.

**14:15** Underhaldning

**14:30** Avslutning

**Påmelding til e-post@adresse.no**

Oktober 2015

## PARALLELLSEMINAR 2. NOVEMBER

**1 FROG** og vår misjon om å få ungdom inn i samfunnet. Korleis kan kommunane leggje betre til rette for at ungdommar i sin kommune skal lukkast med skule og overgang til jobb og ei god framtid. Me veit at det er eit stort fråfall, og at dette startar alleie på ungdomsskulen. Prosjektet er støtta av Erasmus og Aktiv Ungdom AU og har fått fleire prisar.

**2 Erasmus+** : Korleis kan internasjonale prosjekt styrke det lokale ungdomsarbeidet? Kva for aktivitetar kan de få støtte til og korleis går de fram for å søkje midlar?

**3 "Når mamma og pappa ikkje bur saman lenger."** Kommunale tilbod til born, ungdom og foreldre etter samlivsbrot, ved helsesøster Inger Marie Otterdal.

**4 Korleis få i gang og halde oppe aktiviteten i ein aktiv fritidsklubb for uorganisert ungdom?** Ungdomskoordinatoren og ungdommar frå ungdomsklubben i Radøy fortel om korleis ein kan få ein aktiv ungdomsklubb der ungdommar er med og styrer, om korleis ein kan

fange opp uorganiserte ungdommar, om varierte, rusfrie aktivitetar og samarbeid på tvers av kommunegrenser.

### 5 Eit aktivt ungdomsråd

Korleis kan ein få opp eit aktivt ungdomsråd og halde oppe aktiviteten over tid? Kvifor er det viktig med ein aktiv kontaktperson og rettleiar, og korleis knytte god kontakt med dei folkevalde politikarane?

- Representantar frå Radøy ungdomsråd fortel om sitt arbeid, og motiverer unge til å ynskje å vere aktive representantar. Seminaret vert avslutta med dialog i grupper og i plenum.

### 6 Ungdomsmottaket "vi gir deg muligheter"

Prosjektleiaren Åge Sagstad, frå NAV i Bergen, leier eit prosjekt for ungdom mellom 16 og 18 år som sluttar på vidaregåande skole og fell utanfor skole- og arbeidsliv. Seminaret gir ei innføring i korleis dei arbeider med prosjektet som gir mange unge i Bergen eit tilbod.



Illustrasjonsfoto: Tine Poppe